

Administrasjon og fellesutgifter
med tillegg av nøkkeltal
for heile
Kvam herad

Kostradokument nr. 2
Førebuande dokument til arbeidet med
budsjettet for 2010

Nøkkeltal for heile Kvam herad 2006 og 2008

A. Finansielle nøkkeltal - nivå 2 (Nokre utvalte nøkkeltal)	Kvam 2008	Norge 2008	Kvam 2006	Norge 2006
2.1 Finansielle nøkkeltal i % av brutto driftsinntektene				
Brutto driftsresultat	-0,7	0,4	2,2	4,2
Netto driftsresultat	0,1	-0	4,8	5,6
Mva-komp i investeringsregnskapet	4,9	1,5	1	1,3
Overskot før lån og avsetninger	-23,4	-7,7	2,2	1,2
Rente- og avdragsutgifter netto	3,6	3,8	1,4	1,9
Avdragsutgifter netto	4,7	2,7	3,4	2,7
Netto lånegjeld	97,2	49,1	81,2	42,9
Langsiktig gjeld	221,8	170,4	209,7	162,4
- herav Pensjonsforpliktelse	99,8	96,5	106,3	92,5
Arbeidskapital	44,3	21,9	52,4	25,1
2.2 Finansieringskilder for investeringane				
Overføring fra driftsregnskapet %	0	7,5	3,2	9,9
Tilskudd, refusjoner, salgsinntekter m.v %	3,7	18,9	47,4	32,6
Diverse intern finansiering %	25,5	15,7	2,3	1,6
Bruk av lån %(netto)	70,8	57,7	47	55,8
2.3 Brutto driftsinntekter fordelt på inntektskilder i % av brutto driftsinntektene				
Skatt på inntekt og formue (inkludert naturressursskatt)	30,6	40,3	36,1	42,8
Statlig rammeoverføring	25,7	17,8	25,4	17,7
Andre statlige tilskudd til driftsformål	4,6	8,1	5	6,7
Eiendomsskatt	2,2	2,4	2,1	2,1
Konsesjonskraftinntekter	2,3	0,3	1,2	0,3
Salgs- og leieinntekter	12,4	13,2	13,1	13,4
Andre driftsinntekter	22,2	17,9	17,2	16,9
2.4 Nøkkeltali kroner per innbyggjar				
Brutto driftsutgifter	62 823	54 474	53 420	47 065
Netto driftsutgifter	42 269	35 496	36 130	31 149
Frie inntekter	35 151	31 748	33 557	29 725
Netto lånegjeld	60 671	26 866	44 310	21 085
Pensjonsforpliktelse	62 302	52 762	58 035	45 419

Merknad. Tabellen er henta frå ssb.no. Teksten er forenkla for at tabellen skal vera lettare å lesa. Nokre få nøkkeltal i tabellen frå ssb.no er ikkje teke med for å avgrensa talmengda.

Den originale tabellen finn du på; <http://www.ssb.no/kostra/stt/index.cgi?nivaa=2®ionstype=kommune>

Framhald tabellen over

A. Finansielle nøkkeltal - nivå 2 (Nokre utvalgte nøkkeltal)	Kvam 2008	Norge 2008	Kvam 2006	Norge 2006
2.5 Nøkkeltal fordelt på utgiftsområder				
Brutto driftsutgifter til i % av totale brutto driftsutgifter				
Adm, styring og fellesutg,	3,3	6,3	7,2	6,9
Barnehage,	9,3	11,3	8,1	9,8
Grunnskuleopplæring	20,7	21,6	22,2	22,5
Kommunehelse	4,8	3,8	4,7	3,8
Pleie og omsorg	31,1	27	29,7	26,3
Sosialteneste	4,2	4,1	4	4,6
Barnevern,	2,1	2,3	2	2,4
Vatn, avløp, renov./avfall,	2,8	4,2	2,5	4,6
Fysisk planl./kult.minne/natur/nærmiljø,	2,4	1,6	2,1	1,5
Kultur	5,7	3,6	4	3,7
Kyrkje	0,9	0,9	1,1	1
Samferdsel	1,6	1,6	1,7	1,7
Bustad	2	1,6	2,3	1,7
Næring	2,6	1,3	1,4	1,2
Brann og ulykkesvern	1,5	1,3	1,3	1,3
2.5.2 Netto driftsutgifter til område..... i % av totale netto driftsutgifter i kommunen				
Adm, styring, fellesutg,	4,7	8,3	10,1	8,9
- av dette til administrasjon og styring	10,5	9,6	8,5	10
Barnehage,	4,4	3	2,7	2,3
Grunnskuleopplæring	28,7	29,5	30,5	30,1
Kommunehelse	5,8	4,3	5,3	4,2
Pleie og omsorg	38,3	34,2	37,9	33,7
Sosialteneste	5,6	5,2	5,5	5,9
Barnevern	3	3,3	2,8	3,3
Vatn, avløp, renovasjon/avfall	-1,2	-0,7	-2,8	-0,6
Fysisk planl./kult.minne/natur/nærmiljø	2,8	1,4	1,7	1,1
Kultur	7	4,4	4	4,3
Kyrkje	1,3	1,4	1,6	1,4
Samferdsel,	2,1	1,8	2,2	1,8
Bolig	-0,9	0,2	-0,9	0,1
Næring	-3,4	-0,4	-2,4	-0,5
Brann og ulykkesvern	1,8	1,6	1,7	1,6
Interkommunale samarbeid (§ 27-samarbeid)	0	0
Tenester utenfor ordinært kommunalt ansvarsområde	0,1	0,6	0,3	0,4

Framhald tabellen over

A. Finansielle nøkkeltal - nivå 2 (Nokre utvalgte nøkkeltal)	Kvam 2008	Norge 2008	Kvam 2006	Norge 2006
2.5.3 Lønnsutgifter.....i % av totale lønsutgifter				
Adm, styring, fellesutgifter	0,7	7,3	7,1	8,4
Barnehage	12,9	10,1	10,6	8,8
Grunnskuleopplæring	26,7	28,1	28,3	29,5
Kommunehelse	4,4	3,7	3,9	3,6
Pleie og omsorg	40,2	36,5	37,8	35,3
Sosialtenesten	2,7	2,9	2,4	2,9
Barnevern	1,6	2,1	1,4	2
Vatn, avløp	1	1,2	0,7	1,2
Fysisk planlegging, kulturminne/natur/nærmiljø,	2,7	1,6	2	1,6
Kultur,	3,3	2,6	2,6	2,6
Kyrkje,	0	0,1	0,1	0,1
Samferdsel	0,9	0,5	0,8	0,5
Bustad	0,5	0,4	0,4	0,4
Næring	1,1	0,6	0,7	0,6
Brann og ulykkesvern	1,2	1,2	1,2	1,3
2.5.5 Brutto investeringsutgifter... i % av totale inv.utg				
Adm, styring, fellesutgifter	2,1	6	10,7	5,6
Barnehage	0,1	8,7	5,1	6,7
Grunnskuleopplæring	83,7	21,5	13,9	23,8
Kommunehelse	0	0,4	0	0,5
Pleie og omsorg	0	6,2	12,5	10,1
Sosialtenesten,	0	0,3	0	0,2
Barnevern	0	0,1	0	0,1
Vatn, avløp	8,1	15,4	16	17,1
Fysisk planlegging, kulturminne/natur/nærmiljø,	0,3	2,4	1,1	2,2
Kultur,	0,1	10	20,6	7,8
Kyrkje,	0	2,3	0	1,7
Samferdsel	5,1	12,1	5,4	8,5
Bustad,	0	7,7	3,4	9,2
Næring,	0,3	5,7	10,5	5,2
Brann og ulykkesvern,	0,2	0,7	0,7	0,8
2.7 Brutto driftsutgifter for administrasjon, styring og fellesutgifter				
Funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb.	363	323	346	333
Funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb.	110	70
Funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb.	3 693	2 959	2 795	2 790
Funksjon 121, Forvaltningsutgi i eiendomsforv., i kr. pr. innb.	0	112
Funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb.	377	284	162	285
Funksjo 170 og 171 (premieavvik), i kr. pr. innb.	-2 479	-855	537	-449
Funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb.	28	437	26	183
Funksjon 190 Interne serviceenheter, i kr. pr. innb.	0	113	0	107

**Gjennomgang av funksjonar
under rammeområdet administrasjon og fellesutgifter**

Administrasjon og fellesutgifter. Budsjett pr. 1. tertial 2009.

Funksjon/ Tenester	Tekst	Netto utg Rek-07	Netto utg Rek-08	Br. utg. Bud-09	Inntekt Bud-09	Fond Bud-09	Netto utg Bud-09
12010	Administrativ leing	5 343	6 363	5 639	-639	0	5 000
12020	Politisk sekretariat	517	456	1 460	-22	0	1 438
12030	Informasjonsteneste	828	929	834	-81	0	753
12040	Drift og investering fellessystem	4 018	4 396	3 984	-427	0	3 557
12042	Investering i fellessystem	0	0	3 354	-200	-4 604	-1 450
12043	Drift og investering felles IKT-system	6 217	6 560	8 351	-902	0	7 449
12045	Drift av kantine	165	169	458	-277	0	181
12050	Økonomiforvaltning	5 938	6 009	8 667	-680	0	7 892
12060	Organisasjons- og personalutvikling	1 743	3 586	3 497	-139	0	3 358
12070	Planarbeid	1 054	198	0	0	0	0
12080	Administrative tenester - flyktningar	6	0	0	0	0	0
120	Administrasjon	25 829	28 665	36 244	-3 367	-4 604	28 178
		0	0			0	
12100	Vedlikehold av adm. lokale	0	3	0	0	0	0
121	Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	0	3	0	0	0	0
		0	0			0	
13000	Drift og tilsyn av administrasjonslokale	1 013	932	1 298	-95	0	1 203
13002	Vedlikehold av adm. lokale	39	126	2 605	-2 498	0	106
13003	Nybygg og utvikling av eksisterande adm.lokale	46	10	67	-14	0	53
13005	Reinhold av adm.lokale	341	472	294	-17	0	277
130	Administrasjonslokale	1 438	1 539	4 263	-2 623	0	1 640
		0	0			0	
17030	Premieavvik Storebrand	-17 385	-12 079	-11 476	0	0	-11 476
17031	Premieavvik KLP13	-693	-3 998	0	0	0	0
17032	Premieavvik Statens Pensjonskasse	1 412	1 112	0	0	0	0
170	Premieavvik	-16 665	-14 965	-11 476	0	0	-11 476
		0	0			0	
18010	Politi og rettspleie	142	111	136	-6	0	130
18011	Overformynderiet	106	119	77	-2	0	76
18012	Forlikråd	1	0	0	0	0	0
18019	Andre råd og utval	6	0	0	0	0	0
18020	Beredskapsplanleggjing	20	4	0	0	0	0
18030	Forsikring, AFP og felleskontingentar	84	2	2	0	0	2
18040	Lønsjusteringar	0	0	10 805	0	0	10 805
180	Diverse fellesutgifter	359	236	11 021	-8	0	11 013
		0	0			0	
19010	Fakturaavdeling	1	0	-225	-74	0	-298
190	Interne serviceiningar	1	0	-225	-74	0	-298
		0	0			0	
Adm. og fellesutgifter		10 962	15 479	39 828	-6 071	-4 604	29 057

Brutto utgift i 2009 er budsjettert til 39,8 mill. kr. og ei netto utgiftsrammeramme på 29,0 mill. kr. Det utgjer 7,0 prosent av samla brutto utgifter i heradet.

Oversikt over rammeområdet

Administrasjon og fellesutgifter

Dette rammeområdet har 6 funksjonar og 23 aktive tenester.

Funksjonane er:

- 120 Administrasjon
- 121 Forvaltningsutgifter i egedomsforvaltning
- 130 Administrasjonslokale
- 170 Premieavvik
- 180 Diverse fellesutgifter
- 190 Interne serviceeiningar

KOSTRA 2008

A. Administrasjon, styring og fellesutgifter - nivå 2 (del 2.6 og 2.7)	1238 Kvam	Gj.snitt gr 11	Gj.snitt landet
2.6 Nøkkeltall for administrasjon, styring og fellesutgifter			
Brutto driftsutgifter til adm., styring og fellesutgifter pr. innb. i kr.	2 092	3 339	3 443
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	4 543	3 880	3 749
2.7 Brutto driftsutgifter for administrasjon, styring og fellesutgifter			
Funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb.	363	323	388
Funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb.	110	70	94
Funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb.*	3 693	2 959	2 976
Funksjon 121, Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen, i kr. pr. innb.	0	112	91
Funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb.	377	284	331
Funksjon 170 og 171 (premieavvik), i kr. pr. innb.	-2 479	-855	-790
Funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb.	28	437	196
Funksjon 190 Interne serviceenheter, i kr. pr. innb.	0	113	53

Kommentar:

- 1) I 2006 låg Kvam på gjennomsnittet for landet (sjå tabellen framfor). Frå 2006 til 2008 er landsgjennomsnittet stige med 6 %, medan det i Kvam har stige med 32 %. Grunnen til ulik utvikling ligg truleg i konkrete kostnadsaukar som er vist til i merknad 2), og bokføring av kostnader sentralt som skulle vore ført på andre sektorar. Det siste heng saman med dei mange omorganiseringane som har vore siste året.
- 2) Kvam herad hadde ein auke i utgiftene på funksjon 120 *Administrasjon* på 11 % frå 2007 til 2008. Hovudårsaka til veksten er auka nettokostnader på 106 % på 12060 *Organisasjons- og personalutvikling*. Dette skuldast reduserte refusjonar, ny HMS - konsulent, auka kostnader til tillitsmenn, fagforeining m.m. I tillegg auka 12010 *Administrativ leiding* med 19 %. I 2009 er *Administrasjon*. redusert til under nivået i 2007.

Funksjon 120 Administrasjon

Funksjonen har 9 tenester;

- 12010 Administrativ leing
- 12020 Politisk sekretariat
- 12030 Informasjonsteneste
- 12040 Drift og investering fellessystem
- 12042 Investering i fellessystem
- 12043 Drift og investering i felles IKT – system
- 12045 Drift av kantine
- 12050 Økonomiforvaltning
- 12060 Organisasjons- og personalutvikling.

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	17 139	19 294	19 654	13 %	1,9 %
herav fast løn (konto 10100)	11 982	13 659	14 466	14 %	5,9 %
Varer og tenester til eigenproduksjon	10 513	11 048	8 774	5 %	-20,6 %
Tenester som erstattar eigenproduksjon	298	322	313	8 %	-2,9 %
Overføringar til andre	1 846	1 774	1 832	-4 %	3,3 %
Finansutgifter	1 882	2 121	2 416	13 %	13,9 %
Sum utgifter	31 679	34 560	32 988	9 %	-4,5 %
Salsinntekter	-297	-395	-637	33 %	61,2 %
Overføringer med krav til motytelse	-4 187	-4 301	-4 078	3 %	-5,2 %
Overføringer uten krav til motytelse	-889	-114	0	-87 %	-100,0 %
Finansinntekter	-515	-287	-95	-44 %	-66,9 %
Sum inntekter	-5 888	-5 097	-4 809	-13 %	-5,6 %
Netto utgiftsramme	25 791	29 464	28 178	14 %	-4,4 %
Sum løn i høve sum utgifter	54,1 %	55,8 %	59,6 %		

Tabellen over viser samla kostnader for funksjon 120 for perioden 2007-2009.

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 29,5 mill. kr. som er 3,7 mill. kr. meir enn i 2007.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 33,0 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 28,2 mill. kr. som er 1,3 mill. kr. mindre enn det tilsvarande rekneskapsmessige forbruket i 2008. For ytterlegare samanlikning er sett opp endringane mellom åra.

Teneste 12010 Administrativ leing

1. Økonomi

12010 - ADMINISTRATIV LEING

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) herav fast løn (konto 10100)	3 843 2 894	4 553 3 383	3 873 3 423
Varer og tenester til eigenproduksjon	1 541	1 671	1 638
Tenester som erstattar eigenproduksjon	45	113	0
Overføringer til andre	280	197	128
Finansutgifter	0	0	0
Sum utgifter	5 709	6 534	5 639
Salsinntekter	0	-15	0
Overføringer med krav til motytelse	-240	-130	-639
Overføringer uten krav til motytelse	-126	-104	0
Sum inntekter	-366	-249	-639
Netto utgiftsramme	5 343	6 285	5 000
Sum løn i høve sum utgifter	67,3 %	69,7 %	68,7 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 6,3 mill. kr. som er 0,9 mill. kr. meir enn i 2007.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 5,6 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 5,0 mill. kr. som er 1,3 mill. kr. mindre enn det tilsvarande rekneskapsmessige forbruket i 2008.

2. Aktivitet

Tenesta omfattar rådmannen og delar av hans stab, totalt 6 årsverk i 2009.

Kommunelova § 23 omhandlar administrasjonssjefen, oppgåver og mynde knytt til stillinga og administrasjonen generelt.

Frå 2007 og fram til no har det vore organisatoriske endringar som påverkar det økonomiske biletet. Tal personar som vert ført på 12010 har variert, fleire utgiftspostar er sentralisert og den generelle lønsauken frå 2007 til 2008 var høg, dvs ca 6 % som på landsbasis.

I tillegg til overordna og dagleg administrering av Kvam herad, førespurnader frå fjern og nær, kontakt med publikum og politikarar mm, vert det utført oppgåver som:

- Oppfølging og iverksetjing av lokale politiske vedtak og sentrale lover og forskrifter
- Identifisera /kartleggja og utarbeida grunnlag for å sikra store inntekter og refusjonar – dette er ei nøkkeloppgåve for administrasjonen
- Førebuing og sakshandsaming av politiske saker
- Prosjektstyring og oppfølging

- Informasjon og rettleiing ut i organisasjonen
- Beredskap og kriseleiing (lovpålagt)
- Sikring av informasjon – oppfølging og revisjon av regelverk - kontakt med datatilsynet, osv (lovpålagt)

3. Endring av aktivitetar

[Endringane i administrasjonen](#) som vart kunngjort i juni, er ikkje 100 % gjennomført enno. Frå årsskiftet 09/10 vil truleg dei mellombelse og dei permanente endringane vera på plass, men ein må framleis vera budde på større og mindre organisatoriske endringar og krav om fleksibilitet. Aktiviteten i administrativ leiing er i stor grad påverka av sentrale føringar og pålegg, lokal politisk aktivitet og vedtak.

Teneste 12020 Politisk sekretariat

1. Økonomi

Det er i hovudsak lønskostnader som vert ført på denne tenesta. Driftsutgiftene vert i hovudsak ført på 12040.

12020 - POLITISK SEKRETARIAT

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	568	537	1 452
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>307</i>	<i>391</i>	<i>1 068</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	15	55	7
Overføringar til andre	0	12	0
Sum utgifter	583	604	1 460
Overføringer med krav til motytelse	-66	-148	-22
Sum inntekter	-66	-148	-22
Netto utgiftsramme	517	456	1 438
Sum løn i høve sum utgifter	97,4 %	88,9 %	99,5 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 0,5 mill. kr. det same som i 2007.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 1,5 mill. kr. og tilsvarende netto utgiftsramme. Dette er 1,0 mill. kr. meir enn det faktiske forbruket i 2008.

2. Aktivitet

Aktiviteten i politisk sekretariat er nær knytt til den politiske aktiviteten i Kvam, i tillegg er det gjennomføring av val kvart 2. år. Vi har erfart at arbeidet som politisk sekretær i periodar kan vera svært krevjande og til dels stressande. Målet er at arbeidet skal kunna utførast innan normalarbeidstid, og slik aktiviteten er no krev det 2 årsverk.

Arbeidet som vert utført her er:

- Sekretæroppgaver for politiske organ inkl. ordførar (førebuing, tilrettelegging, gjennomføring og etterarbeid knytt møte i dei ulike utvala)
- Sakshandsaming
- Kontaktperson for eksterne og interne spørsmål knytt til tenesta
- Frammøteregister og utbetaling av godtgjersle og tapt arbeidsforteneste.
- Tilskot til politiske parti og grendeutval
- Valarbeid – førebuing, tilrettelegging, gjennomføring og etterarbeid, jfr teneste 10011.

Personalressursane vert sett i samanheng med teneste 12040, ein utfører arbeid på tvers av tenestene.

Dei fleste oppgåvene som vert utført her er lovpålagt.

3. Endring av aktivitetar

Type aktivitet er stabil, men mengda og krav til ressursar varierer i takt med den politiske aktiviteten. Den politiske aktiviteten er tradisjonelt størst dei to første åra etter kommunevalet, om dette gjeld for inneverande periode står enno att å sjå.

Lokalt har ein her høve til å påverka aktiviteten/utgiftene, tal utval og tal møte er viktige indikatorar.

Teneste 12030 Informasjonsteneste

1. Økonomi

Kostnaden med tenesta er knytt til lønn og ekstern trykking av felles informasjonsmateriell. Utgiftene er redusert frå 2007 til 2008, det skuldast at det er slutt på midlar til profilering, kjøp av ekstern hjelp osv.

12030 - INFORMASJONSTENESTE

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	549	603	620
herav fast løn (konto 10100)	415	444	456
Varer og tenester til eigenproduksjon	400	403	211
Overføringar til andre	66	54	72
Sum utgifter	1 015	1 059	903
Overføringer med krav til motytelse	-118	-130	-150
Finansinntekter	-69	0	0
Sum inntekter	-187	-130	-150
Netto utgiftsramme	828	929	753
Sum løn i høve sum utgifter	54,1 %	56,9 %	68,7 %

Rekneskaper for 2008 viser ei nettoutgift på 0,9 mill. kr. som er 0,1 mill. kr. meir enn i 2007.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 0,9 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 0,8 mill. kr. som er 0,1 mill. kr. mindre enn tilsvarende rekneskapsmessig forbruk i 2008.

2. Aktivitet

Kommunane har lang tradisjon med tenesteproduksjon og forvaltningsoppgåver. "Faget informasjon" er av nyare dato og set andre krav til dei tilsette enn dei tradisjonelle oppgåvene. Leiaroppgåver er tradisjonelt definert som fag-, økonomi og personalansvar, leiaroppgåver i dag er informasjonsfag-, økonomi- og personalansvar.

Ved ny kommunelov i 1992 vart kommunane pålagt å driva aktiv informasjon om verksemda.

Kommunelova §4. **Informasjon om kommunens og fylkeskommunens virksomhet.**
Kommuner og fylkeskommuner skal drive aktiv informasjon om sin virksomhet. Forholdene skal legges best mulig til rette for offentlig innsyn i den kommunale og fylkeskommunale forvaltning.

Kvam har dei siste 10 åra hatt auka fokus på informasjon, både når det gjeld personell og teknologi. Vi har hausta lovord og prisar for informasjonsarbeidet vårt, og vår aktive bruk av biblioteka har inspirert andre kommunar til å tenkja nytt. Dei siste års "spareiltak" har redusert fokus og handlingsrom, men vi gjer så godt vi kan med dei ressursane vi har.

Informasjonsteneste omfattar eitt årsverk.

Aktivitet og arbeidsoppgåver er:

- Utvikling, drift og vedlikehald av www.kvam.no (teknisk) og lagsportalen
- Redaksjonelt ansvar for det meste av informasjonen på www.kvam.no + utforming av annonser og kunngjeringar
- Systemansvar og kontaktperson for det administrative saks- og arkivsystem.
- Opplæring av tilsette, rettleiing og rådgjeving internt og eksternt.
- Utvikling av nettsider for kommunale selskap (sal av tenester).

3. Endring av aktivitetar

- I samarbeid med takseringsprosjekt for eigedomsskatt, og VAR er det kjøpt inn eit sms -varslingssystem (Gemini). Vi har no høve til å informera/varsle definerte mottakarar, systemet vil verta gradvis utprøvt.
- På grunn av innsparingar, er det slutt på papiirutgåver av årsmeldingar, budsjett og andre publikasjonar. Kunngjeringar i avisa skal t.d. vera "minimalistiske" og i svart/kvit.

Teneste 12040 Drift og investering fellessystem

1. Økonomi

12040 - DRIFT OG INVESTERING FELLESSYSTEM

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	2 447	2 505	2 090
herav fast løn (konto 10100)	1 499	1 771	1 502
Varer og tenester til egenproduksjon	1 806	2 278	1 716
Tenester som erstattar eigenproduksjon	117	137	113
Overføringar til andre	348	493	372
Finansutgifter	46	48	45
Sum utgifter	4 764	5 461	4 336
Salsinntekter	-38	-41	-36
Overføringer med krav til motytelse	-708	-1 023	-743
Finansinntekter	0	0	0
Sum inntekter	-746	-1 065	-779
Netto utgiftsramme	4 017	4 396	3 557
Sum løn i høve sum utgifter	51,4 %	45,9 %	48,2 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 4,4 mill. kr. som er 0,4 mill. kr. meir enn i 2007.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 4,3 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 3,6 mill. kr. som er 0,8 mill. kr. mindre enn tilsvarende rekneskapsmessig forbruk i 2008.

Sum lønn i høve til samla utgifter er redusert frå 08 til 09, det er politisk sekretær som er overført til 12020 - politisk sekretariat. Dei store utgiftspostane her er papir, porto, telefonabonnement, lisens, programvarer mm.

2. Aktivitet

Frå og med 1999 vart merkantile funksjonar og arkiv i rådhuset sentralisert. Gevinsten var profesjonalisering, effektivisering og betre tenester for interne og eksterne brukarar.

Våren 2001 flytta PPT ut av rådhuset til Grovabrotet AS. Hausten 2007 vart NAV Kvam etablert, og sosialkontor og flyktningkontor flytta med. Våren 2008 flytta barnevern og avdeling for psykisk helse til lokale i Grovabrotet AS.

Splitting av disse tenestene gjer at Kvam herad må bruka meir ressursar på merkantile tenester enn om ein hadde vidareført tanken og arbeidet med samlokalisering av kommunale og statlege tenester. Det er og ein fare for at den arkivfaglege kompetansen vert svekka.

Teneste 12040 gjeld i dag merkantile tenester knytt til avdelingane i rådhuset, det er 5,2 årsverk som knytt til fellessekretariatet (1 årsverk vert lønna over bygg – funksjon 301). Hovudaktivitetane er:

- Arkivansvar for heile organisasjonen (lovpålagt)
- Postbehandling, journalføring og arkivtenester (lovpålagt)
- Historisk arkiv og ”avlevering” til sentralt arkivdeponi (lovpålagt)
- Intern opplæring og rådgjeving
- Rettleiing i samband med byggjesak, nabooppgåver, planstatus og utending av vedtak knytt til plan - og byggjesaker (lovpålagt)
- Sentralbord, kundemottak og informasjon (lovpålagt)
- Infoland – firmakontakt og sakshandsaming
- Transportordninga – kundekontakt og sakshandsaming for fylkeskommunen (lovpålagt)
- Bustønad – kundekontakt og sakshandsaming for Husbanken (lovpålagt)
- Barnehagesøknader - Sakshandsaming knytt til elektronisk søknad (lovpålagt)

3. Endring av aktivitetar

- Kvam herad har kjøpt frankeringsteneste hjå Norheimsund postkontor i sidan 1998. I juni vart postkontoret omorganisert til post i butikk og vi utfører no all frankering sjølve.
- Frå 1. september 2009 vert administrering av bustønad flytta til NAV – det er i samsvar med samarbeidsavtalen.
- Det vart ved 1. tertial 09 avsett midlar til oppgradering av sakssystemet vårt. Det vil på sikt effektivisera journalføring og rapportering.
- Vi bør vurderer sentralisering av alle postmottak for Kvam herad (dvs alle einingar/institusjonar), for å sikra at journalføring og arkivering vert utført i samsvar med gjeldande regelverk.
- Nye sentrale forskrifter knytt til arkivlokale (01.01.2012) gjer at vi må vurderer kost/nytte ved evt oppgradering/utviding av arkivkapasiteten i Kvam herad eller ta kostnaden og risikoen med å gå over til 100% heilelektronisk arkiv.

Teneste 12042 Investering fellessystem

1. Økonomi

12042 - INVESTERING I FELLESSYSTEM

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	0	0	2 054
Varer og tenester til egenproduksjon	0	0	1 100
Overføringer til andre	0	0	200
Sum utgifter	0	0	3 354
Overføringer med krav til motytelse	0	0	-200
Finansinntekter	0	0	-4 604
Sum inntekter	0	0	-4 804
Netto utgiftsramme	0	0	-1 450
Sum løn i høve sum utgifter	#DIV/0!	#DIV/0!	61,2 %

Budsjettet viser et ”overskot” på 1,45 mill. kr. Dette er feil fordi dei fast tilsette i Kvam herad som er med i prosjektet, ikkje er overført til denne tenesta, noko vi vil retta opp i 2. tertial 2009. Rett netto utgiftsramme skal vera 0 etter at prosjektet er finansiert med fondsmidlar.

2. Aktivitet

Kvam heradsstyre gjorde følgjande vedtak om å starta opp eit eige prosjekt for allmenn taksering i Kvam herad

HST-016/09 Vedtak:

1. Kvam heradsstyre vedtar å starta opp prosjektet: ”Eigedomsskattetaksering i Kvam 2009” (P19091)
2. Prosjektet vert finansiert i samsvar med tabellen under.

Eigedomsskattetaksering i Kvam 2009 Prosjekt P19091	
Kostnader	Mill kr.
Lønskostnader	4,0
Utstyr og programvarer	0,4
Leige av sakkyndige	0,3
Møter m.m.	0,3
Kostnader	5,0
Finansiering	
Disp.fond. (kto. 2.560.0000)	5,0
Inntekter	5,0

-
-
3. I etterkant av utredningen og før eventuell innføring, fastsetter Heradsstyret skatteøre og sosialpolitisk/differensiert profil på eiendomsskatten.

Teneste 12043 Drift og Investering felles IKT - system

1. Økonomi

I tillegg til lønsutgifter er dei store driftsutgiftene knytt til kommunikasjon, lisens og programvarer.

12043 - DRIFT OG INVESTERING FELLES IKT-SYSTEM

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) herav fast løn (konto 10100)	2 481 1 652	3 091 1 978	3 234 2 137
Varer og tenester til eigenproduksjon	2 848	3 349	2 835
Tenester som erstattar eigenproduksjon	2	5	0
Overføringar til andre	656	808	711
Finansutgifter	1 691	1 916	2 233
Sum utgifter	7 677	9 169	9 014
Salsinntekter	-18	-106	-146
Overføringer med krav til motytelse	-1 440	-1 580	-1 419
Overføringer uten krav til motytelse	-1	0	0
Sum inntekter	-1 459	-1 686	-1 565
Netto utgiftsramme	6 218	7 482	7 449
Sum løn i høve sum utgifter	32,3 %	33,7 %	35,9 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 7,5 mill. kr. som er 1,2 mill. kr. meir enn i 2007.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 9,0 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 7,5 mill. kr. som er det same som det rekneskapsmessige forbruket i 2008.

2. Aktivitet

IKT - teneste for heile Kvam herad er samla i denne avdelinga, det er for tida 5 årsverk som alle går inn i vaktordninga IKT 24/7. [Driftsområdet er breitt og omfattar mange tenester innanfor IKT – drift;](#)

- [Telefoni,](#)
- Drift, vedlikehald og reparaasjonar
- Planlegging, prosjektering og deltek i mange interne og eksterne prosjekt.
- Opplæring og rettleiing av tilsette
- Interkommunalt samarbeid, mest med Voss og Kvinnherad, og samarbeid med [eksterne firma](#) (dvs [driftar](#) av [databasar og servere](#) for dei).
- Innkjøp
- Installasjon av pc-ar, nettverk, serverar, databasar mm.

IKT drifter for tida :

- Ca 1.000 datamaskiner
- 76 servere
- 40 forskjellige programvarer og system.
- Nettverk og samband på 80 ulike stader .
 - Trådlause nett ca 50 sendarar plassert på skuler, bibliotek, rådhus oa.
 - Legenett, lukka nett, opne nett.
 - Telefonanlegg med 650 innvalsnummer.
 - Ca 20++ databasar.
 - Ca 4000 e-postkassar
 -

3. Endring av aktivitetar

For 2010 vert det ikkje endringar i høve aktivitetar eller oppgåvetilfang slik me ser det. Jamt behov for fornying og betre digitale tenester krev mannskap med kunnskap. I tillegg stiller vaktordninga krav til ein minimumsbemanning.

Samarbeid med andre kommunar om beredskap og drift i høve nye og gamle utfordring bør få større fokus, både administrativt og politisk. Her ligg det moglege rasjonelle gevinstar og sparte auka kostnader på IKT.

Teneste 12045 Drift av kantine

1. Økonomi

Hovudutgiftene er løn og kjøp av matvarer. Målet er at kjøp og sal av matvarer skal gå nokolunde i balanse.

12045 - DRIFT AV KANTINE

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	121	144	145
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>95</i>	<i>109</i>	<i>106</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	196	201	283
Overføringar til andre	30	30	45
Sum utgifter	347	375	473
Salsinntekter	-138	-107	-230
Overføringer med krav til motytelse	-44	-99	-62
Sum inntekter	-182	-206	-292
Netto utgiftsramme	165	169	181
Sum løn i høve sum utgifter	34,8 %	38,3 %	30,6 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 0,2 mill. kr. som er lik 2007.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 0,5 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 0,2 mill. kr. som er det same som det rekneskapsmessige forbruket i 2008.

2. Aktivitet

Drift av kantina er i hovudsak eit arbeidsmiljøtiltak, som og kjem våre gjester til gode. Her vert servert mat og drikke til kostpris, det vert lagt vekt på å rik tilgang på sunn mat. Personalressurs knytt til kantina er 0,38 årsverk.

3. Endring av aktivitetar

Heradsstyret har vedteke at kommune skal delta i prosjektet Økolyft. Det inneber at vi forpliktar oss til å satsa på "kortreiste" og økologiske produkt. Om det gjev dyrare eller billigare mat, er ikkje kartlagt enno.

Ved opprusting av heradsstyresalen vil og kantina verta oppgradert i samsvar med krav til hygiene og arbeidsmiljø.

Teneste 12050 Økonomiforvaltning

1. Økonomi

12050 - ØKONOMIFORVALTNING

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) <i>herav fast løn (konto 10100)</i>	4 962 <i>3 597</i>	5 119 <i>3 661</i>	5 338 <i>3 946</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	1 794	1 960	1 615
Tenester som erstattar eigenproduksjon	135	67	200
Overføringer til andre	224	186	392
Finansutgifter	92	105	90
Sum utgifter	7 208	7 437	7 636
Salsinntekter	-98	-125	-225
Overføringer med krav til motytelse	-1 116	-1 016	-874
Finansinntekter	-95	-287	-95
Sum inntekter	-1 308	-1 428	-1 194
Netto utgiftsramme	5 900	6 009	6 442
Sum løn i høve sum utgifter	68,8 %	68,8 %	69,9 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 6,0 mill. kr. som er 0,1 mill kr. meir enn i 2007.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 7,6 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 6,4 mill. kr. som er 0,4 mill kr meir enn rekneskapsmessige forbruket i 2008.

2. Aktivitet

Tenesta dekkar aktivitetar som løn, pensjon, rekneskapsføring, årsbudsjett og økonomiplan, innkjøp, likviditetsstyring og internkontroll av rekneskapen. Aktivitetane er for ein stor del regulert i kommunelova, forskrifter og reglar for god kommunal rekneskapskikk (GKRS).

Tenesta er fordelt på 3 stabsavdelingar under rådmannen; personalavdeling (2,2 årsverk - 0,2 av desse årsverka er nytta innan turnusprosjektet i pleie og omsorg som prosjektleiing for lønnsintegrasjonen), kraft – og innkjøpsavdeling (1,67 årsverk) og økonomiavdeling (6,7 årsverk – av dette er 0,9 årsverk knytt til skatteoppkrejvaren).

Dei siste åra har det vore stor gjennomtrekk og inndraging av fleire stillingar på økonomiavdelinga, noko som har ført til problem med å levera budsjett, tertialar og rekneskap i rett tid. Dette er påpeika i brev frå fylkesmannen og i revisjonen sin revisjonsrapport for 2008.

3. Endring av aktivitetar

I samband med budsjettvedtaket for 2009, vart idrettskonsulenten fjerna og det vart oppretta ei ny stilling som innkjøpsleiar frå januar 2009. Innkjøp er eit stor område som krev høg kompetanse dersom ein skal halda seg til lov og forskrift om offentlege innkjøp. Rådmannen har difor funne det naudsynt å oppretta ein eigen stabsfunksjon for dette området, Kraft og innkjøp. Det vil også verta naudsynt å knyta til seg juridisk kompetanse dersom ein skal unngå å verta klaga inn for KOFA (Klagenemnd for offentlege anskaffelser).

0,33 årsverk vert frå 2. tertial overført til funksjon 320 Kommunal næringsverksemd og gjeld arbeid med kraftinntekter (heimfall, konsesjonskraft og konsesjonsavgift).

Heradsstyret har våren 2009 vedteke eit økonomireglement som krev månadleg avviksrapportering til formannskapet og kvartalsvise budsjettjusteringar. Dette er med på å auka arbeidsomfanget til økonomiavdelinga.

Kontrollutvalet har bede om ein forvaltningsrevisjon av økonomistyring og budsjettrutinar. Det vil her bl.a. verta sett søkelys på om budsjetta er realistiske, budsjettoppfølging, tilstrekkeleg bemanning til å utøva god økonomistyring, økonomisk rapportering og kvaliteten på denne mm. Denne rapporten skal leverast i november 2009.

Det er frå august 2009 tilsett 2 økonomikonsulentar, 1 konsulent i vikariat til 30.06.2010 for ein person som har permisjon (frå teneste 19010 Fakturaavdelinga) for å arbeida med E-takst og 1 konsulent i eit engasjement til 31.12.2009 pga sjukemeldingar og stor arbeidsmengde.

Det vart i 1. tertial innvilga midlar til oppgradering av økonomisystemet. Dette inkluderer også ny budsjettmodul og modul for månadsrapportering. Oppgraderinga vil i tillegg til investeringa, krevja stor innsats frå alle tilsette på løn – og personalavdelinga. I slutten av september 2009 vert det lagt ein framdriftsplan saman med leverandøren og målet er at alt skal vera utført til sommaren 2010.

Teneste 12060 Organisasjons – og personalutvikling

1. Økonomi

12060 - ORGANISASJONS- OG PERSONALUTVIKLING

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	1 807	2 435	2 901
herav fast løn (konto 10100)	1 258	1 687	1 828
Varer og tenester til eigenproduksjon	1 180	1 288	458
Overføringer til andre	76	39	112
Finansutgifter	53	53	47
Sum utgifter	3 116	3 815	3 518
Salsinntekter	-5	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-290	-220	-170
Overføringer uten krav til motytelse	-762	-10	0
Finansinntekter	-316	0	-8
Sum inntekter	-1 372	-230	-177
Netto utgiftsramme	1 743	3 586	3 341
Sum løn i høve sum utgifter	58,0 %	63,8 %	82,5 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 3,6 mill. kr. som er 1,8 mill kr. meir enn i 2007. Frå 2007 til 2008 har utgiftene gått opp med 0,7 mill kr. og inntektene er reduserte med 1,1 mill kr. Årsaka til at kostnadene har gått opp, er tilsetjing av HMS - koordinator og auka kostnader til fagforeiningsleiarar.

Inntektene var reduserte frå 2007 til 2008 pga. at betaling i samband med heime-PC-ordninga vart avslutta (0,8 mill kr) og finansinntekter (fond) vart redusert med 0,3 mill kr.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 3,5 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 3,3 mill. kr. som er 0,1 mill kr. meir enn rekneskapsmessige forbruket i 2008.

2. Aktivitet

Lønnskostnader:

1,85 årsverk vert nytta innan personalpolitikk, personaladministrasjon og HMS - arbeid. 1 årsverk er nytta til hovudtillitsvald for Fagforbundet og 0,3 årsverk til hovudverneombod. Totalt 3,15 årsverk.

Varer og tenester til eigenproduksjon:

Seniorpolitiske tiltak er innført i 2008 og skal evaluerast i 2009. Det er ikkje inngått nye senioravtalar i 2009 som følgje av innsparingskrav. Allereie etablerte avtalar er vidareført. Det vart nytta 0,6 mill. kr. til seniorpolitiske tiltak i 2008. Det er avsett 0,35 mill. kr. til seniorpolitiske tiltak i 2009.

Årleg medlemskontingent til KS utgjer 0,25 mill. kr. Årleg kontingent til bedriftshelsetenesta utgjer 0,6 mill. kr. Frå 01.01.10 vert kravet til kva yrkesgrupper som skal ha tilbod om bedriftshelseteneste utvida. Det kan bety vesentleg auke i kontingentsatsen og at innkjøpet må ut på anbod. Kvam vil invitere til interkommunalt samarbeid om ein felles innkjøpsprosess i løpet av september.

3. Endring av aktivitetar

Stillinga som HMS - koordinator er avvikla og vert teken ut av budsjettet i 2. tertial. 4 av 10 senioravtalar om delvis arbeid/gåvpensjon opphøyrer pr. 2. tertial som følgje av at 3 av dei tilsette tek ut full pensjon og éin reduserer til 50 % stilling og fell dermed ut av ordninga. Prøveperioden for ordninga med seniorpolitiske tiltak går ut 31.12.09.

Funksjon 121 Forvaltingsutgifter i eideomsforvaltninga

Funksjonen er ikkje i bruk.

Funksjon 130 Administrasjonslokale

Funksjonen har 4 tenester;

- 13000 Drift og tilsyn av administrasjonslokale
- 13002 Vedlikehald av administrasjonslokale
- 13003 Nybygg og utvikling av eksisterande administrasjonslokale
- 13005 Reinhold av administrasjonslokale.

Teneste 13000 Drift og tilsyn av administrasjonslokale

1. Økonomi

13000 - DRIFT OG TILSYN AV ADMINISTRASJONSLOKALE

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) <i>herav fast løn (konto 10100)</i>	59 <i>37</i>	62 <i>41</i>	120 <i>88</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	440	349	476
Overføringar til andre	92	88	93
Finansutgifter	599	599	699
Sum utgifter	1 189	1 097	1 388
Overføringer med krav til motytelse	-176	-166	-185
Sum inntekter	-176	-166	-185
Netto utgiftsramme	1 013	932	1 203
Sum løn i høve sum utgifter	4,9 %	5,6 %	8,7 %

2. Aktivitet

Det vert vist til eige skriv om FDV

Teneste 13002 Vedlikehold av administrasjonslokale

1. Økonomi

13002 - VEDLIKEHALD AV ADM.LOKALE

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	23	72	66
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>18</i>	<i>55</i>	<i>49</i>
Varer og tenester til egenproduksjon	19	62	2 034
Overføringer til andre	5	8	508
Sum utgifter	47	143	2 608
Overføringer med krav til motytelse	-8	-17	-2 502
Sum inntekter	-8	-17	-2 502
Netto utgiftsramme	39	126	106
Sum løn i høve sum utgifter	49,8 %	50,7 %	2,5 %

2. Aktivitet

Det vert vist til eige skriv om FDV

Teneste 13003 Nybygg og utvikling av eksisterende administrasjonslokale

2. Aktivitet

Det vert vist til eige skriv om FDV

Teneste 13005 Reinhold av administrasjonslokale

1. Økonomi

13005 - REINHALD AV ADM.LOKALE

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	317	485	231
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>181</i>	<i>352</i>	<i>152</i>
Varer og tenester til egenproduksjon	68	36	54
Overføringer til andre	17	8	13
Sum utgifter	402	529	298
Overføringer med krav til motytelse	-60	-57	-21
Sum inntekter	-60	-57	-21
Netto utgiftsramme	341	472	277
Sum løn i høve sum utgifter	78,9 %	91,7 %	77,4 %

2. Aktivitet

Det vert vist til eige skriv om FDV

Funksjon 170 Premieavvik

Funksjonen har 3 tenester;

- 17030 Premieavvik Storebrand
- 17031 Premieavvik KLP13
- 17032 Premieavvik Statens pensjonskasse.

Kvam herad betalar pensjonspremie til 3 ulike pensjonstilbydarar. Det er Storebrand som f.t. er heradet sin hovudavtalepartner, men pga avtalefesta ordningar, står sjukepleiarane att i KLP og lærarane i Statens pensjonskasse.

1. Økonomi

170 - Premieavvik

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	-16 665	-14 965	-11 476
Sum utgifter	-16 665	-14 965	-11 476
Sum inntekter	0	0	0
Netto utgiftsramme	-16 665	-14 965	-11 476
Sum løn i høve sum utgifter	100,0 %	100,0 %	100,0 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto inntekt knappe 15,0 mill. kr. som er 1,7 mill. kr. mindre enn i 2007.

Budsjett for 2009 viser eit positivt premieavvik på 11,5 mill. kr. og er basert på ein prognose frå Storebrand.

2. Aktivitet

Premieavviket kjem av skilnaden mellom innbetalt pensjonspremie og netto pensjonskostnad. Dersom innbetalt pensjonspremie er høgare enn netto pensjonskostnad, skal differansen (premieavviket) inntektsførast i rekneskapen og balanseførast mot kortsiktige fordringar. Tilsvarende skal lågare innbetalt pensjonspremie i høve til netto pensjonskostnad, utgiftsførast i rekneskapen og balanseførast mot kortsiktig gjeld.

3. Endring av aktivitetar

Ajourhaldet som er nemnt i punkt 1 over, held fram og vi er no ferdig med 2. kvartal 2008 og ein reknar med å vera heilt à jour i løpet av hausten 2009. Dette betyr at vi i samband med årsrekneskapen for 2009 vil kunna rapportera den rette pensjonskostnaden.

Funksjon 180 Diverse fellesutgifter

Funksjonen har 5 tenester;

- 18010 Politi og rettspleie
- 18011 Overformynderiet
- 18020 Beredskapsplanlegging
- 18030 Forsikring, AFP og felleskontingentar
- 18040 Lønsjusteringar.

Teneste 18010 Politi og rettspleie

1. Økonomi

18010 - POLITI OG RETTSPLEIE

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til eigenproduksjon	142	111	130
Overføringar til andre	32	28	6
Sum utgifter	174	138	136
Overføringer med krav til motytelse	-32	-28	-6
Sum inntekter	-32	-28	-6
Netto utgiftsramme	142	111	130
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

2. Aktivitet

Tenesta omfattar husleige og drift av rettslokale. Kvam herad er ikkje pålagt å ha rettslokale, men det er eit gode for innbyggjarane.

3. Endring av aktivitetar

Frå årsskiftet vert rettslokale flytta frå Tingstovene til nye lokale hos Norheimsund Industrier AS. Dei nye lokala stettar normene Domstolsadministrasjonen set til ” ein mindre rettssal”. Kostnaden er halde nede ved å ha ein del fellesareal og funksjonar med Norheimsund Industrier AS.

Teneste 18011 Overformynderiet

1. Økonomi

Kostnaden knytt til tenesta er lønn/godtgjersle og bruk av advokattjenester.

18011 - OVERFORMYNDERIET

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	92	95	57
Varer og tenester til eigenproduksjon	14	18	19
Tenester som erstattar eigenproduksjon	0	7	0
Overføringar til andre	2	5	2
Sum utgifter	107	124	77
Overføringer med krav til motytelse	-2	-5	-2
Sum inntekter	-2	-5	-2
Netto utgiftsramme	106	119	76
Sum løn i høve sum utgifter	85,5 %	75,9 %	73,8 %

2. Aktivitet

Tenesta er heimla i Verjemålslova § 19.

Alle kommunar er pålagt å ha eit overformynderi med to overformyndarar.

Forretningsførande overformyndar i Kvam er Marie Elisabeth Skutlaberg og R Brynjulf Bergesen er kontrollerande overformyndar.

Overformynderiet forvaltar store verdiar og har ei ansvarsfull oppgåve.

3. Endring av aktivitetar

I NOU 2004:16 "Vergemål" en ny organisering av overformynderiene i Norge, vart det tilrådd omorganisering av Overformynderia. Det var då tenkt større einingar som omfatta fleire kommunar, med fast tilsette og leia av juristar. Det verkar som om reforma er lagt på is, men kanskje ein skulle jobba for å få eit felles overformynderi for Hardanger.

Teneste 18020 Beredskapsplanlegging

1. Økonomi

18020 - BEREDSKAPSPLANLEGGJING

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til eigenproduksjon	20	4	0
Overføringer til andre	0	0	0
Sum utgifter	20	4	0
Overføringer med krav til motytelse	-0	-0	0
Sum inntekter	-0	-0	0
Netto utgiftsramme	20	4	0
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	#DIV/0!

2. Aktivitet

Kvam herad har til no ikkje hatt eige beredskapsavdeling. Aktiviteten har til no vore dekkja av andre tenester som teknisk, plan, brann, helse (smittevern) og administrasjonen.

Tenesta vert berre brukt i enkelte høve som t.d. skredrapport frå Multiconsult i 2007 og eit beredskapskurs i 2008.

3. Endring av aktivitetar

Rådmannen har i 2009 skilt ut branntenesta til ny eining Brann- og beredskap, med brannsjefen som leiar. Oppgåva er å koordinera arbeidet omkring planlegging og administrering av det felles beredskapsarbeidet i kommunen, kontakt med Fylkesmannen si beredskapsavdeling og evt. samarbeid med nabokommunar. Endringa vert sett i verk for å tydeleggjera ansvar og sikra at alle einingar føl opp sitt beredskapsarbeid, jfr. den tilbakemeldinga har peika på i si tilbakemelding til Kvam herad.

Teneste 18030 Forsikring, AFP og felleskontingentar

1. Økonomi

18030 - FORSIKRING, AFP OG FELLESKONTINGENTAR

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	0	0	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	84	2	2
Overføringar til andre	0	0	0
Finansutgifter	0	0	0
Sum utgifter	84	2	2
Overføringer med krav til motytelse	0	0	0
Sum inntekter	0	0	0
Netto utgiftsramme	84	2	2
Sum løn i høve sum utgifter	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Ved ein feil har det ikkje vorte budsjettert på denne tenesta, men på teneste 12060 Organisasjons- og personalutvikling. Dette vert retta opp frå budsjett 2010.

2. Aktivitet

Tenesta skal belastast for utgifter som gjeld pensjonskontoret, sikringsordninga og overføringsavtalen.

Pensjonskontoret fører tilsyn med pensjonsinnretningane si praktisering av gjeldande pensjonsvilkår som er nedfelt i Hovudtariffavtalen innan KS – området.

Sikringsordninga skal sikra G-regulering av løpande pensjonar når det ikkje lenger eksisterar ein arbeidsgivar som kan finansiera reguleringa. Alle arbeidsgivarar med ei kommunal pensjonsordning skal betala ei avgift til sikringsordninga.

Overføringsavtalen skal fremja mobilitet av arbeidskraft mellom arbeidsgjevarar med offentlege tenestepensjonsordningar. Statens Pensjonskasse administrerar ordninga og alle deltakarar må betala inn eit administrasjonstilskot.

3. Endring av aktivitetar

Frå 2010 skal kostnadane med aktiviteten verta budsjettert og ført på rett teneste.

Teneste 18040 Lønsjusteringar

1. Økonomi

18040 - LØNSJUSTERINGAR

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	0	0	10 805
Sum utgifter	0	0	10 805
Sum inntekter	0	0	0
Netto utgiftsramme	0	0	10 805
Sum løn i høve sum utgifter	#DIV/0!	#DIV/0!	100,0 %

Budsjettet for 2009 var opphavleg på 12,1 mill. kr. der 1,3 mill. kr. vart nytta i 1. tertial til dekking av lønsjusteringar i desember 2008 og finansiering av honorar til pensjonsmeklaren.

2. Aktivitet

På denne tenesta vert kostnader til lønsjustering budsjettert. I løpet av rekneskapsåret vert så budsjettposten fordelt på dei ulike områda på grunnlag av lønsoppgjøret.

Når budsjettet vert sett opp, vert det gjort ei vurdering av kor stor lønspotten må vera.

Vurderinga vert gjort på grunnlag av signal frå staten og KS.

Funksjon 190 Interne serviceeiningar

Funksjonen har 1 teneste;

19010 Fakturaavdeling.

Teneste 19010 Fakturaavdeling

1. Økonomi

19010 - FAKTURAAVDELING

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	1 325	1 652	1 400
herav fast løn (konto 10100)	1 018	1 238	1 024
Varer og tenester til eigenproduksjon	139	140	207
Overføringer til andre	30	22	47
Finansutgifter	105	105	105
Sum utgifter	1 599	1 919	1 759
Salsinntekter	-1 440	-1 843	-1 984
Overføringer med krav til motytelse	-158	-76	-74
Sum inntekter	-1 598	-1 919	-2 057
Netto utgiftsramme	1	0	-298
Sum løn i høve sum utgifter	82,9 %	86,1 %	79,6 %

Rekneskapa for 2008 viser brutto utgifter på 1,9 mill. kr. Dette er ein auke på 0,3 mill. kr. i høve til 2007 pga. 1 person i engasjement i halv stilling og flytting av deler av stillingar frå teneste 12050 Økonomiforvaltning til 19010 Fakturaavdeling.

Resultatet skal vera null pga at utgiftene vert fordelt på alle tenester som nyttar denne avdelinga.

Budsjett for 2009 viser eit overskot på 0,3 mill. kr. pga at det er "lånt" ut 1 person til E-takst 2010. Overskotet skal nyttast til å redusera salsinntektene på denne tenesta og redusera dei interne utgiftene på andre tenester. Dette vert retta opp i 2. tertial.

2. Aktivitet

Tenesta dekkar aktivitetar som rekneskapsføring for kommunale føretak, fakturering, innkrevjing av kommunale avgifter og brukarbetalingar, vederlagsberekning, inntekts- og eigedomsskatt, arbeidsgivarkontroll mm.

Tenesta sorterer under økonomiavdelinga og har 3,6 årsverk. For tida er 1 årsverk lånt ut til E-takst 2010 fram til mars 2010. Det er teke inn vikar for denne stillinga, men den er omdisponert til teneste 12050 Økonomiforvaltning.

3. Endring av aktivitetar

Dersom det vert innført eigedomsskatt i heile Kvam frå 2010, må det budsjetterast med 1 nytt årsverk til administrering, ajourhald, klagehandsaming og innkrevjing av eigedomsskatten.

Skatteetaten har påpeika at utføringa av arbeidsgivarkontrollen i Kvam dei siste åra ikkje har tilfredsstilt målkravet om kontroll av 5 % av antal arbeidsgjevarar i Kvam. I 2008 var kontrollaktiviteten på 1,7 %, noko Skatteetaten var lite nøgd med. På grunn av redusert bemanning og liten kompetanse på området, har Kvam herad dei siste åra leigd hjelp frå Bergen til arbeidsgjevarkontrollen. Skatteetaten har bede rådmannen setja i verk tiltak for å nå målkravet på 5 %. Skal vi nå målet, må vi auka utgiftene i budsjettet eller invitere kommunane i Hardanger, Voss mfl. til eit spleiselag i ein interkommunal avdeling slik det vert gjort i andre delar av Hordaland og Sogn og Fjordane.